

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
Postboks 2500
6404 MOLDE
Norge

Vår sakshandsamar
Atle Frantzen
71 20 28 94

Vår dato
10.10.2023
Dykkar dato

Vår referanse
21/00943-2
Dykkar referanse

Situasjonen for beitenæringa i Møre og Romsdal

Felles brev frå Møre og Romsdal Sau og Geit, Møre og Romsdal Bonde- og Småbrukarlag og Møre og Romsdal Bondelag:

Status/situasjon

Vi viser til den konkrete situasjonen med store dokumenterte tap av beitedyr, særleg lam, til rovdyr i delar av fylket. Konkret handlar det denne gongen om store tap av beitedyr til jerv i øvre delar av Romsdalen og indre delar av Fjord kommune, tap til gaupe i ytre delar av Tingvoll og streifulv på grensa til Trøndelag.

Normaltapet av lam i rovdyrfrie fjellområder ligg ofte på 4-5% i gjennomsnitt i løpet av beitesesongen. Når vi no får meldingar om tap av lam på 30-50% i enkeltbesetningar er dette langt over tolegrensa for dei dette gjeld.

Dette handlar om at tapa er så store at dei konkrete kostnadane med å ha dyr på beite er langt større enn inntektene for enkeltbrukarar. I tillegg kjem meirarbeid med leiting og sinking, samt at verdien av avlsarbeid blir forringa.

Dessutan er vi, saman med Mattilsynet, klart bekymra for dyrevelferden i besetningar som blir ramma så hardt.

Ulvådalen i øvre Romsdal har svært store tap av beitedyr til jerv, men er likevel blant dei områda i heile landet der det over lang tid er gjort mest av forebyggjande tiltak.

Tingvoll, som har svært store tap av beitedyr til gaupe, har den tettaste gaupebestanden i Skandinavia. På grensa til Trøndelag har det vore streifulv i fleire og det er gitt løyve til felling, men tillatte verkemidilar for felling er for begrensa til at dei blir effektive.

Vi må minna om at beitenæringa er landets beste distriktsnæring, der det blir skapt arbeidsplassar og inntekter som er basert på lokale naturressursar. Dette er igjen grunnlag for busetting, levande lokalsamfunn og ikkje minst eit kulturlandskap i verdensklasse.

Det må også understrekast at dette ikkje er ein eingongssituasjon og at det ikkje gjeld kun dei områda som vi konkret viser til her. Det har vore utfordringar knytt til beitedyr og rovdyr på gjennom mange år, men det er sjeldan at tapa på besettingsnivå er så høge som i år, samt at det i år er særleg synleg at verkemidla for å regulera rovdyrbestandane er for lite effektive.

Oppfølgjing

Heile politikkområdet knytt til rovvilt er svært sentralstyrt, med liten mulighet for påverknad av forvaltninga på kommune- og fylkesnivå. Men vi meiner at ut frå den situasjonen som beitenæringer her no er i, har også fylkeskommunen eit klart ansvar for å bidra til å sikra busetjing og levande lokalsamfunn gjennom å sørga for tiltak som gjer at at rovviltnestandane kjem ned på eit nivå som fører til mindre tap av beitedyr.

Jervebestanden er i dag større enn på lenge, og langt over det bestandsmålet som er sett. Vi saknar då at det blir sett i gang effektive tiltak som fører til at jervebestanden blir redusert ned til bestandsmålet. På same måte meiner vi at når gaupebestanden blir å tett som den no er i Tingvoll, må bestanden kunne reduserast slik at den ikkje utraderer beitenæringer.

Vi ber difor om oppfølgjing på følgjande måte:

1. Rovviltbestandane, særleg jerv og gaupe, må reduserast slik at bestandane kjem på det nivået som Stortinget har fastsett.
2. Dagens verkemidlar for reduksjon av rovdyrbestandane er for lite effektive. Verkemiddelbruken må utvidast og gjerast meir effektiv enn den er i dag. Når rovdyrbestanden er langt over målet og tillatte verkemidlar ikke fungerer, må SNO i større grad instruerast om å ta ut dyr, også i ordinær jakttid, og også innanfor forvaltningsområdet.

Med helsing

MØRE OG ROMSDAL SAU OG GEIT

Lars Olav Vanberg
Leiar

MØRE OG ROMSDAL BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Stein Brubæk
Leiar

MØRE OG ROMSDAL BONDELAG

Olav Håkon Ulfnes
Leiar

Elektronisk godkjent, uten underskrift

